

974430746

INGMAR NORDANGER MASKIN

Mobilnummer

901 54 684

E-postadresse

ingmar.nordanger@gmail.com

Kontonummer **** * 77501

Vedtaksdato

18.09.2019

Vedtaket er gjort av

Lindås kommune

Søknadsdato

09.05.2019

Vår ref.

2019/1397, Agros 117235

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Gjerding og beiterydding på Eikanger

Samandrag: Lindås kommune har vedtatt å innvilge opptil 58 400 kroner i tilskot til INGMAR NORDANGER MASKIN til Gjerding og beiterydding på Eikanger. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 12.09.2022.

Lindås kommune viser til søknad av 09.05.2019.

Bakgrunn i saka

INGMAR NORDANGER MASKIN søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 09.05.2019. Du søker om totalt 58 360 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.06.2019-01.06.2022. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 116 720 kroner.

Søker ønsker å gjerde inn beite til storfe, samt rydde skog og kratt for å åpne opp landskapet

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskrifta) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak der det går føre seg ein produksjon med rett til tilskot på eigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2, og § 3 eller § 4.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over plantevernmiddele som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Me synar til søknad om gjerding og beiterydding på G/Bn 212/3. Søknaden er handsama i tråd med Lindås kommune sin "Tiltaksstrategi for bruk av SMIL - midlar for perioden 2016 - 2019" og "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket" Kommunen har vurdert søknaden ihht §§ 8 - 12 i naturmangfaldslova. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Kva:	Kostnad:
Gjerde 80kr/m, 685 m	54 800
Beiterydding 2000 kr/daa, 31 daa	62 000
Sum:	116 800

Lindås kommune har vedtatt å innvilge opptil 58 400 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 12.09.2022. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd..
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet.

Sluttrapporteringa bør innehalde:

- ei skildring av resultatet av tiltaket og korleis det er gjennomført, og skildring av eventuelle avvik frå det som blei opplyst i søknaden og krav i dette vedtaksbrevet. Bilete kan vere viktig dokumentasjon.
- rekneskap for tiltaket, inkludert inntekter og utgifter. Opplysningar om medfinansiering frå andre kjelder skal med. Rekneskapen må bli ført slik at det kan bli samanlikna med det kostnadsoverslaget og den finansieringsplanen som låg til grunn for søknaden.

Lindås kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du, elektronisk eller skriftleg, har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Lindås kommune kan også betale ut tilskot på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som du utfører delar av prosjektet eller tiltaket. Vi vil halde att minst 25 prosent av tilskotet til arbeidet er fullført og sluttrekneskapen er godkjent av oss.

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 116 800 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjente kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnader for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føreset ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Fylkesmannen i Vestland. Send klaga til Lindås kommune. Vi vil sende saka vidare til Fylkesmannen i Vestland dersom vi ikkje gjer om på vedtaket. Klagefristen er

tre veker etter at du har motteke dette brevet. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om Spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Lindås kommune

Saksbehandla av: Maya Riise

Godkjent av: Kjartan Nyhammer